



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Ørjan Simonsen, 51568905

Tillegg til vår uttale til høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre reguleringa

Statsforvaltaren i Rogaland sendte sin uttale til høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre reguleringa i brev til NVE datert 21.12.2021. Vi vil her koma med ei utdjuping.

Vår uttale hadde hovudfokus på vassdrag. Meir vatn i einskilde av vassdraga, ser vi som naudsynt for å betre forholda for fisk og anna liv i vassdraga. Ulla har høgaste prioritet i forhold til vassdrag vi meiner må få auka slepp av vatn.

Storaure var også eit av våre fokusområde, og vi konkluderte med at det trengs eit betre kunnskapsgrunnlag for storaurebestanden i Øvre Tysdalsvatn og Tusso, samt Suldalsvatnet og Kvilldalsåna. Metoden for miljødesign i regulerte laksevassdrag er egna for å finna miljøtilpassa vassføring og tiltak i vassdrag både med storaure og laks.

For villreinen, ser vi det som viktig at konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre anlegga vert sett i samanheng med konsesjonsvilkåra for dei andre nærliggande vasskraftanlegga, og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområdet sett under eitt. Vi vil her presisere at vi ikkje har konkludert og tatt endeleg standpunkt i sakene knytt til flytting av Stavanger turistforening sitt hytte- og løypenett, og stenging av anleggsveg og opning av tunell på strekninga Øvre Moen-Oddatjønndammen. Vårt hovudbodskap er, at vi støtter forslaget om eit villreinfond. Eit slikt fond kan brukast til å finansiera naudsynte utgreiingar og avbøtande tiltak i heile villreinområdet.

Med helsing

Lone Merete Solheim
ass. statsforvaltar

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger